

- Må utnytta at vi ligg der vi ligg

13.02.2010



Kristian Bringedal: - Må utnytta at vi ligg der vi ligg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I eit stort portrettintervju i Grenda i dag blir kultursjef Kristian Bringedal mellom anna spurt kva det er som er så bra med Uskedalen. Han svarar:

- Det har eg tenkt litt på. Uskedalen er plassert slik at vi ikkje er del av noko polarisering. Trafikken går gjennom bygda, og vi må utnytta at vi ligg der vi ligg. Her er elles sterke dugnadsånd og lokal identitet.

Han kjem også inn på skilnaden mellom Herøysund og Uskedalen og seier at Herøysund er ei mindre bygd og samstundes ei meir homogen bygd. Herøysund er også i større grad påverka av og knytt til Husnes og har nesten vorte ein forstad på linje med Valen. Uskedalen er meir ei bygd som står på eigne bein.

Bringedal kjem også inn på bygdeutviklingsprosjektet og arbeidet med å få bygda godkjent som besøksmål i Folgefonna nasjonalpark og også som landskapspark. Uskedalen kan bli ein park på same måte som Herand og Stalheim

Men Bringedal presiserar:

- Vi snakkar ikkje om vern og freding, det handlar om utvikling og å utnytta ressursane i bygda og sjå moglegheitene til å skapa trivsel og inntekter.
Uskedalselva er ei slik kjelde til trivsel og potensielle inntekter.
- Ho er ei av få gode elvar att, ein juvel vi må ta vare på. Vi må sjå elva som ein ressurs, både inntektsmessig og trivselsmessig, held Bringedal fram.

Av Ola Matti Mathisen